



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd

torsdag 16.04.26 kl.19.00 hjå Inger Cesilie og Stig Jonny Fitje i Ortnevik.

Sokneråd og kyrkjevevjerje hadde synfaring i Ortnevik kyrkje kl.18.30 for sjå på moglegheit for flytting av kyrkjebenkar.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Sissel Sørebo, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.

Ingunn Østerbø på telefon.

Kjersti J. Søreide hadde ikkje høve å møte.

Til opning las Inger C. dikt; Herre vi prisar deg frå salmeboka.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

05/26 Info frå fellestrådsmøte 26. mars v/ Terje – bl. a ingen søkarar til trusopplærings- stilling, namna minnelund i kommunen, måling av Bjordal kyrkje.

06/26 Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp : 8905,- på bøsser og 5310,- på vipps og kontoinnbetaling.

07/26 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Karnevalsgudsteneste i Ortnevik 8.februar – ca 48 personar. Konfirmantane deltok. Utdeling av 4-årsbok (2021/2022) og 6 - årsbok (2019/2020) og bibel (2015/2016)
- Kaffi, fastelavnsbollar og leik i grendehuset etterpå (ca 53 personar)
- Gudsteneste i Bjordal 15. februar – 14 personar.
- Gudsteneste (14 personar) og årsmøte (12) i Bjordal 15. mars
- Påskesamling i Ortnevik 2. april – 38 personar. Ope bibliotek, kafe og basar i grendehuset (ca 85 personar) etterpå.
- Gudsteneste i Bjordal 5. april – 19 personar. Song v/ Aud Marit Bjordal.
- Brettspel i Gamlebanken - 6 personar
- Song på Bygdetunet - gjennomsnitt 18 personar.
- Andakt på Bygdetunet
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

08/26 Felles soknerådsmøte på Alværa 28.april - info / vurdere å innføre eit samarbeidssokneråd for Høyanger kommune.

Sakliste

Sak 13/26 Synfaring i Ortnevik kyrkje – flytting av benkar m.m

Vedtak: Stig J. undersøker moglegheit for:

- å ta bort to halve benkar i midtre del av kyrkja for å gje plass til rullestol/barnevogn (universell utforming) og om ein kan plassere eit flygel i kyrkja.

Sak 14/26 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 22. januar og årsmøte 15. mars .

Vedtak: Møteprotokoll frå 22. januar vart godkjent.

Merknad i årsmøteprotokoll 15. mars – feil årstal i banken.

Sak 15/26 Gudstenester og arrangement framover.

Vedtak:

- Kyrkjevert og kyrkjekaffi
- Friluftsgudsteneste dagsturhytta 26. april kl. 16 – samarbeid med Ungbjørka 4H. Konfirmantane og Fjordlåt blir med.
- Konfirmasjon Bjordal 10. mai kl.11 - Sissel er kyrkjevert. Kjersti deler ut gåve/ helsing til konfirmantane ?
- Gudsteneste 17. mai i Bjordal (skulen) og Ortnevik - Ann I. skaffar kyrkjevert i Ortnevik
- Gudsteneste Bjordal 14. juni kl. 11 - Terje har ansvar.
- Olsokgudsteneste Sande 29. juli kl. 18 - Ann I. er kyrkjevert. Camilla finn nokon til å bake.
- Konfirmantpresentasjon i Bjordal 16.aug. kl. 11
- Hausttakkefest på Massnes 20. sept. kl.14
- Helgemesse i Bjordal 25. okt.
- Lysmesse i Bjordal 6. des.

Sak 16/26 Eigenandel konfirmantar.

Vedtak: Camilla tek kontakt med Lavik, og ein tek same sats.

Sak 17/26 Ny alterduk til Ortnevik kyrkje.

Vedtak: Ingunn og Ann Iren bestiller duken Jerusalem frå Nidaros kirketekstiler og utstyr.

Sak 18/26 Dugnad på kyrkjegardane 22. april.

Vedtak: Stig J. tek kontakt med entreprenør m/ gravemaskin om å fjerne klatreplante v/ kyrkjegarden i Bjordal helst før dugnaden. For å publisere på nett/ lage plakat tek Sissel kontakt med Mari – Ann. I Ortnevik tek Camilla ansvar.

Sak 19/26 Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Etiopia.

Vedtak: Avtalen er 2 årig, men soknerådet vil fortsette å støtte prosjekt i Etiopia.

Sak 20/26 Open kyrkje i Ortnevik.

Vedtak: Det blir open kyrkje i Ortnevik i skuleferien. Sissel oppdaterer plakat. Ann I. informerer kyrkjetenar Joar.

Sak 21/26 Stoff til neste Helgestunder.

Neste møte i redaksjonsnemnda blir midt i mai, og stoff blir klart før sommarferien. Bladet kjem ut i august.

Vedtak: Bilde frå friluftsgudsteneste på dagsturhytta, konfirmasjon, 17. mai m.m

Sak 22/26 Kulturkveld og konsert til hausten.

Vedtak: Anita Østerbø er forfattar og kan tenke seg å halde foredrag om livet og bøkene her i området, og det blir kanskje mogeleg å møte henne på Østerbø. Ho ynskjer ikkje å binde seg til nokon dato lenge på førehand, då ho vil vere fri i samband med ny boklansering. Får ho tid i sommar tek ho kontakt.

Soknerådet er positiv til konsert med Adam Douglas. 3. oktober er aktuell dag. Terje jobbar vidare med saka.

Sak 23/26 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte vert onsdag 19. august kl. 19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Camilla M. Ådland
Leiar

Ann Iren Østerbø
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor